



Bkk Nett AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8510 - 20/28008

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
14.05.2020

Løyve til frådelling - areal til elforsyningsanlegg - gbnr 127/121 Mongstad

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gitt løyve til oppretting av ny grunneigedom på omlag 3.000 m² frå gbnr 127/121 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan mottatt 24.04.2020, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av litt over 3 000 m² frå gbnr. 127/121.

Det vert elles vist til søknad mottatt 24.04.2020.

Saksbehandlingsfrist

Søknaden var komplett og klar for behandling den 24.04.2020 og frist for saksbehandling er 3 veker. Overskriding av fristen fører ikkje til reduksjon av gebyr i saker med tre veker frist.

Arealet ligg innafor Statoil Industriområde (Equinor) planid 1263-201307. Arealet kjem så vidt inn på næringsareal. Det meste ligg på areal med føremålet grøntstruktur, felt G6:

4.1.3 Felt G3, G5 og G6 skal primært nyttast til naturområde, men med høve til å anlegget massetak og massedeponi, særlege konstruksjonar og tekniske installasjonar som er naudsynt

for industriområdet, og som ikkje kan plasserast på byggjeområde. Etter bruk skal massetak og massedeponi få ei fullgod terrengmessig behandling.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Tilgrensande naboar vert varsla om kartforretning.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan mottatt 24.04.2020.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedommen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Kommunen har sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av søknaden

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak. Oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan mottatt 24.03.2020.

Konklusjon

Kommunen gir løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 3.000 m² frå gbnr. 127/121

Aktuelt regelverk

- Deling av eigedom er søknadspliktig, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
- Frist for saksbehandling, jf. pbl. § 21-7 jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 7-2.
- Krav om nabovarsling, jf. pbl. § 21-3.
- Tilkomst til offentlig veg via privat veg må vere sikra, jf. pbl. § 27-4.
- Deling må vere i samsvar med prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.
- Kommunen kan ikkje opprette eigedomar som ikkje er eigna til å bygge på, eller som er i strid med lov, forskrift, vedtekter eller plan, jf. pbl § 26-1.
- Delegerert administrativt mynde føl av kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.
- Du kan klage på vedtaket etter lov om offentlig forvaltning (fvl) §§ 28-36.
- Vedtaket må klagast på før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

- Frist for oppmåling er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Kommunen og du kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkelloa § 35.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Oppmåling

Saka vert oversend avdeling for kart og oppmåling. Saksbehandlingsfristen der er. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 20/8510.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart - teiknfosklaring

Kopi til:

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Equinor Mongstad			

Mottakarar:

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Equinor ASA	Postboks 8500	4035	STAVANGER